

Rettleiar for aktivitetsplikta

§§9A-4 og 9A-5 i Lov om grunnskole og den vidaregåande opplæringa
(opplæringslova)

Skjåk barne- og ungdomsskule

Å HØYRE TIL

Vondt er av alle andre
bli trakka på og trengd.
Men vondare å veta
at du er utestengd.

Det er så mangt i livet
du ventar deg og vil.
Men meir enn det å vera,
er det å høyre til.

Jan-Magnus Bruheim





Innhald

Aktivitetsplikta §9A-4 i Opplæringslova	2
Delplikt 1: Alle som arbeider ved Skjåk barne- og ungdomsskule har ei individuell plikt til å følgje med	3
Delplikt 2: Grip inn omgåande ved mobbing og uynskt åtferd	4
Delplikt 3: Alle tilsette har plikt til å varsle om all mistanke med ein gong.....	5
Delplikt 4: Krav om å undersøkje	6
Delplikt 5: Skulen har plikt til å setje inn eigna tiltak og evaluere	7
Delplikt 6: Skulen må dokumentere alt som vert gjort.....	8
Vedlegg.....	9
Varslingskjema	10
Skriftleg plan for tiltak/Aktivitetsplan	11
Løpande logg	12
§9A-5 – Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider i skule krenkjer ein elev	13
Prosedyre etter varsling §9A-5:.....	14
Skjema for varsling etter Opplæringslova § 9A-5.....	15
Barnekonvensjonen.....	16
Kongeriket Noregs grunnlov (Grunnlova) §104.....	16
Kartlegging av klassas sosiale miljø – skal brukast fast i alle elevsamtalar	17
Kartlegging av det sosiale samspelet – utarbeide nettverkskart	18
Årshjul - systematisk arbeid for å fylgje med	19
Ressursar	20



Aktivitetsplikta §9A-4 i Opplæringslova

- Aktivitetsplikta skal sikre at alle elevar ved Skjåk barne- og ungdomsskule skal ha eit trygt og godt psykososialt skulemiljø.
- Aktivitetsplikta vert utløyst dersom ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen, uavhengig av årsak.
- At ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø kan skuldast tilhøve som ligg utanfor skulen, men som likevel påverkar korleis eleven har det her.

I Skjåk kommune definerer vi mobbing som:

Mobbing av barn er handlingar frå vaksne og/eller barn som hindrar opplevinga av å høyre til, å vere ein betydningsfull person i fellesskapet og moglegheita til medverknad. (Lund, Helgeland, Kovac 2017)

Vi erkjenner at ein definisjon ikkje kan romme alt, men eit viktig moment i denne definisjonen er at den ikkje har eit klart skilje mellom den som mobbar og den som vert mobba. Definisjonen lagar heller ikkje rammer som gjer at vi til dømes meiner at mobbing må skje over ei tid, fleire gonger eller i eit ujamnt makttilhøve. Dette gjer at ein i handteringa av mobbesituasjonar står friare til å sjå alle aspekt av situasjonen. Ved å sjå på dei sosiale relasjonane i skulemiljøet som er med og påverkar situasjonen, har ein ei større sjanse til å oppnå forsoning og ei endring som fører til meir likeverdige relasjonar.

Når mobbing og krenkingar vert oppdaga eller varsla til deg som tilsett:

Fyll ut varslings skjema som fins i korridoren i kontoravdelingane. Lever skjema til rektor og varsle kontaktlærer.

Hugs:

Barnets beste skal vere eit grunnleggjande syn i skulen sitt arbeid. Skulen skal ta omsyn til barnets beste i alle vurderingar og handlingar for å oppfylle aktivitetsplikta.

Art.3, Barnekonvensjonen



Delplikt 1:

Alle som arbeider ved Skjåk barne- og ungdomsskule har ei individuell plikt til å **følgje med**

Korleis skal du fange opp at elevar ikkje har det trygt og godt?

- Gjennom observasjon, i daglegdagse situasjonar og planlagt observasjon der du ønskjer å følgje ekstra godt med.
- Gjennom samtale med elevane.
- Ved å bruke elevsamtalane aktivt.
- Når du ser eller fangar opp noko i samtale mellom elevar.
- Foreldre som tek kontakt grunna hendingar på skulen.
- Elevar som fortel at dei ikkje trivst.
- Endring i åtferd hjå elevar, eller endringar i klassemiljøet.
- Nokre elevar vert stille og trekkjer seg attende, eller deltek ikkje i leik og aktivitetar.
- Samtale og refleksjon med andre tilsette.
- Bry seg, vere til stades og ta i mot borna.
- Inspeksjon – å vere aktivt til stades.

Kvar er det ekstra behov for å følgje med ved SBUS?

- I skulegarden/friminutt.
- I korridorane.
- På toalettet.
- I garderobane.
- I gymsituasjonar/symjehallen.
- I kantina.
- Leksehjelp.
- På skulevegen/skulebuss.
- SFO.
- Spesielle arrangement/andre aktivitetar.
- Overgangssituasjonar.
- Annleisdagar t.d. tur dagar, juleverkstad.

Systematisk arbeid for å følgje med

Sjå *Årshjul - systematisk arbeid for å fylgje med* side 19.



Delplikt 2:

Grip inn omgåande ved mobbing og uynskt åtferd

Skulen har nulltoleranse mot mobbing, vald, diskriminering og trakassering, men òg mot mindre alvorlege krenkingar.

Grip inn omgåande og stopp krenkingar

Viss du som arbeider ved skulen overhøyrer eller observerer krenkingar skal du gripe inn omgåande og stoppe situasjonen.

Eksempel på krenking der ein har plikt til å gripe inn:

- Ved "knuffing"/slåssing.
- Negativ språkbruk.
- Nedsetjande kommentarar.
- Baktaling.
- Utestenging.
- Krenkingar på sosiale media.

Plikta til å gripe inn er avgrensa til inngrep som er moglege å gjennomføre der og da. Det betyr at tilsette ikkje skal stå i fare for å skade seg sjølve eller krenkje nokon av elevane for å stoppe situasjonen, med mindre det er nødrett eller nødverje.

Hugs: Fyll ut varslings skjema, lever til rektor og varsle kontaktlærar.



Delplikt 3:

Alle tilsette har plikt til å varsle om all mistanke med ein gong

Alle som arbeider ved skulen skal varsle rektor viss dei ser eller mistenkjer at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Dette skal sikre at rektor får oversikt over korleis elevane har det på skulen, og vil gje eit godt utgangspunkt for å følgje opp enkeltsaker.

Låg terskel for å varsle:

- Enkelthendingar som kan verke uskuldige eller bagatellmessige for vaksne, kan vere alvorlege for den det gjeld.
- Enkelthendingar kan òg vere ein del av eit mønster som ein fyrst får auga på når det er fleire som ser og varslar.

Kva er det som gjev grunn til mistanke?

- Basere seg på observasjonar av elevane.
- Attendemeldingar i undersøkingar.
- Beskjed frå foreldre eller medelevar.
- Aktivitet i sosiale medium som skulen får kjennskap til.
- Eleven seier frå sjølv at hen ikkje trivst på skulen.

Tilfelle der tilsette krenkjer elev(ar) §9A-5

Det er ein eigen regel om skjerpa aktivitetsplikt i saker der det er tilsette som krenkjer elev(ar).

- Viss du som arbeider ved skulen får mistanke om, eller kjennskap til at nokon som arbeider ved skulen utset elev(ar) for mobbing, diskriminering, vald eller trakassering skal du gå direkte til rektor.
- Rektor varslar skuleeigar.
- Dersom det er ein i skuleleiinga som står bak krenkinga, skal du som får mistanke om eller kjennskap til krenkinga varsle direkte til skuleeigar.

Sjå eige vedlegg og varslingskjema *Skjema for varsling etter Opplæringslova §9a-5*.

Ved særst alvorlege tilfelle skal rektor varsle skuleeigar

- Saker der krenkingane er særst valdelege.
- Der fleire elev(ar) er involverte i mobbing av ein elev.
- Situasjonar der krenkinga har gått over lang tid utan at skuleleiinga har klart å løyse saka.
- Digital mobbing på tvers av skular (kommunar) og grove truslar gjennom sosiale medium.

Hugs: Fyll ut varslingskjema, lever til rektor og varsle kontaktlærar.



Delplikt 4:

Krav om å undersøkje

Alle som arbeider ved SBUS har ei individuell plikt til å undersøkje all mistanke om, eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Når varslings skjema er levert har rektor plikt til å setje i gang undersøking.

- Plikta til å undersøkje har like låg terskel som plikta til å varsle.
- God undersøking gjev gode tiltak.
- Innhent informasjon.
- Kva ligg bak elevens oppleving.
- Gå breitt ut, ikkje set i tvil.
- Det er elevens subjektive oppfatning som skal leggjast til grunn for skulen si vurdering av kva som er trygt og godt for den enkelte elev.
- Plikta til å undersøkje betyr at skulen skal undersøkje elevens oppleving av skulemiljøet.
- Skulen skal ikkje skaffe og vurdere bevis for eller mot at eleven har vorte krenka eller mobba.
- Undersøkingane må ha som formål å få fram fakta om situasjonen og kva som verkar inn på elevens oppleving av skulemiljøet.
- Det kan vere aktuelt å undersøkje hendingar attende i tid eller tilhøve utanfor skulen, viss dette påverkar elevens kvardag på skulen.

Metodar for å undersøkje

- Samtalar med elev/elevar.
- Samtale med andre tilsette/involvere team.
- Samtale med føresett, om t.d. endring heime, sosialt på fritida/geburdsdagar.
- Systematisk observasjon av samspel mellom elevar.
- Inkludere helsestasjonen.
- Elevundersøkinga.
- Skjema for kartlegging av sosialt samspel (udir) – vedlagt side 18.

Føremålet med undersøkinga er å gje skulen og dei involverte nok kunnskap til å setje i verk eigna tiltak.

Skulen skal syrgje for elevens medverknad når dei undersøker saker. Dette skal gjerast ved at alle involverte elevar vert høyrde.



Delplikt 5:

Skulen har plikt til å setje inn eigna tiltak og evaluere

Skulen har plikt til å setje inn eigna tiltak for alle elevar som ikkje opplever skulemiljøet som trygt og godt, uansett årsak. Plikta omfattar i tillegg oppfølging og evaluering av tiltak, - og endring av tiltak ved behov.

Val av tiltak:

- Ta utgangspunkt i årsaka til problema, ver bevisst på at alle saker er unike og kan ha samansette problemstillingar.
- Tiltaka skal vere eigna (forholdsmessige og lovlege).
- Tiltaka skal tilpassa den konkrete saka, eit tiltak som har fungert godt tidlegare treng ikkje å fungere for ein annan elev i same situasjon.
- Tiltaka skal vere bygd på konkrete og faglege vurderingar.
- Tiltaka skal vere bygd på **barnets beste**. Det er viktig at alle involverte barn vert høyrte.
- Tiltaka kan vere retta både mot enkeltelevar og mot grupper. Det kan ofte vere behov for å setje inn fleire ulike tiltak samtidig retta mot ulike moment i saka.
- Samarbeid tett med heimen/heimane.
- Samarbeid tett med helsestasjonen.
- Dra inn andre instansar ved behov, og gjerne på eit tidlegare tidspunkt. T.d. kommunepsykolog, barnevern, PPT.

Tiltaka kan rettas mot:

- Den som vert mobba eller krenka.
- Den eller dei som mobbar eller krenkjer.
- Tilskodarar.
- Gruppe eller klassemiljøet.
- Heile skulemiljøet.

Det kan ofte vere naudsynt å setje inn tiltak mot fleire av gruppene samstundes.

Plikt til oppfølging og evaluering av tiltak:

- Evaluer tiltaka kontinuerleg.
- Legg evt. til nye tiltak.
- Endre tiltak ved behov.
- Kontinuerleg vurdering om tiltaka er til elev(anes) beste.
- Vurder om tiltaka fører til endring i retning av eit tryggare og betre skulemiljø.
- I tillegg til å lage ein aktivitetsplan, skal skulen òg dokumentere kontinuerleg kva for tiltak som vert gjennomført, og eventuelt kvifor andre vert valt bort.



Delplikt 6:

Skulen må dokumentere alt som vert gjort

Skulen må dokumentere skriftleg kva dei gjer for at elevane har det trygt og godt på skulen.

Dokumentasjonen skal sikre at:

- Elevar og foreldre får eit bevis på at skulen tek saka deira seriøst, og at skulen forpliktar seg til å hjelpe eleven.
- Fylkesmannen raskt får oversikt dersom saka vert meldt dit.
- At saka er tilstrekkeleg belyst ved eventuelle tilsyn, erstatningssaker eller straffesaker.

Skulen har to dokumentasjonspliktar

1. Dokumentere kva for tiltak dei planlegg å gjennomføre gjennom ein aktivitetsplan.
2. Dokumentere kva dei har gjort for å følge opp delpliktane i kvar enkelt sak, det vil seie: følge med, gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak.

Krav om aktivitetsplan

Aktivitetsplanen er ein skriftleg plan som skulen er pålagt å utarbeide når dei får vite at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. Planen treng ikkje å knyte seg opp mot ein bestemt elev, men kan ta for seg ein situasjon eller utfordring der fleire elevar er involverte.

Aktivitetsplanen er ei erstatning for enkeltvedtaket. I nokre tilfelle kan det framleis vere behov for enkeltvedtak, dette gjeld ved skulebyte og bortvising.

Mal for aktivitetsplan ligg på Regiondata under F:\1-10 Skjåk barne- og ungdomsskule\1. Felles\Mobbing. Det er også vedlegg til dette heftet.

Det kan vere tenleg å ha med ei oppsummering av samtalar med elevar og foreldre i tillegg til ei oppsummering av kva som er skulens vurderingar av saka.

Skulen må dokumentere:

- Kva for tiltak som har vorte gjort for å løyse enkeltsaka.
- Planen skal vere skriftleg og i eit format som kan skrivast ut og gjevast Fylkesmannen ved behov.
- Dokumentasjonen gjeld arbeidet skulen gjer for å sikre at krava til å følge med, gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak er oppfylt i den enkelte saka.
- Plikta til å følge med: Her vil dokumentasjonen i stor grad gjelde aktivitetar som omfattar fleire elevar, grupper eller heile skulen.
- Plikta til å gripe inn, varsle, undersøkje og eventuelt setje inn tiltak: Dokumentasjonsplikta her vil i større grad omfatte kva skulen gjer i kvar enkelte sak.



Vedlegg

Varslings skjema

Skriftleg plan for tiltak/Aktivitetsplan

Løpande logg

§9A-5 – Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider i skule krenkjer ein elev

Prosedyre etter varsling §9A-5

Skjema for varsling etter Opplæringslova § 9A-5

Barnekonvensjonen

Kongeriket Noregs grunnlov (Grunnlova) §104

Kartlegging av klassas sosiale miljø – skal brukast fast i alle elevsamtalar

Kartlegging av det sosiale samspelet – utarbeide nettverkskart

Årshjul Skjåk barne- og ungdomsskule

Ressursar



Varslings skjema

Dato for observasjon:		Stad:
Involvert(e) elev(ar) i hendinga: (Namn, klasse)		
Kva hende? Kva er observert?		
Annan faktainformasjon		
Underskrift og dato (meldar)		

Lever skjemaet til rektor

Underskrift og dato (rektor)		
Aktivitetsplanen blir sett i verk	Ja:	Nei:



Skriftleg plan for tiltak/Aktivitetsplan				
§ 9 A-2 Retten til eit trygt og godt skulemiljø. Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. § 9 A-4 Skulens aktivitetsplikt, fjerde ledd. Når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skulen så langt det finst eigna tiltak sørge for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.				
Elevens namn:	Fødd:	Dato:	Klasse:	Plan nummer:
Kva problem skal tiltaka løyse? (Kva meiner eleven? Hugs at elevens subjektive oppleving skal leggjast til grunn. Skulen skal syrgje for at eleven blir høyrd.)				
Hovudmål: Eleven skal oppleve å ha eit trygt og godt skulemiljø. (Hugs at elevens beste skal vere eit grunnleggande omsyn i skulens vurdering av tiltak.)				
Tiltak	Ansvarleg	Tids- perspektiv	Evaluering	
Stad:		Dato:		



Løpande logg

Gjennom arbeidet med aktivitetsplanen er det viktig å føre logg over alt ein gjer i saka. Dette gjeld t.d. samtale med elev(ar), foreldre, eit ekstra blick i friminutta, observasjonar, telefonar og anna.

Dato	Kva	Kva skjedde/vart gjort/avtalt



§9A-5 – Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider i skule krenkjer ein elev

«Dersom ein som arbeider på skulen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skulen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og/eller trakassering, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skuleeigaren. Dersom det er ein i leiinga ved skulen som står bak krenkinga, skal skuleeigaren varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga. Undersøking og tiltak etter § 9 A-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks.» (Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova), §9A-5).

«Ein som arbeider ved skulen» betyr her ein person som har eit tilsetningstilhøve til skulen eller skuleeigar, og andre som gjer teneste ved skulen, og jamnleg har tilhald der. Dette inkluderer mellom anna lærlingar og studentar i praksis (Prop. 57L, s. 76 og 78).

Bakgrunnen for mistanke eller kjennskap:

- Melding frå elev(ar) eller føresette.
- Eigen observasjon.
- Anna.

Varsling:

- Den som får kjennskap til eller mistanke skal fylle ut vedlagte *Skjema for varsling etter Opplæringslova §9a-5*.
- Skjemaet skal leverast til rektor.
- Rektor skal varsle skuleeigar.
- Dersom den varselet gjeld er ein leiar ved skulen, skal varslar levere varslingsskjemaet til skuleeigar.
- Den tilsette varselet gjeld skal varslast omgåande.
- Den tilsette varselet gjeld skal få høve til å uttale seg i saka.
- Skulen skal alltid varsle skuleeigar, også sjølv om samtale med tilsette tyder på at det ikkje har skjedd krenkingar.



Prosedyre etter varsling §9A-5:

1. Varslinga skal skje skriftleg på vedlagte *Skjema for varsling etter Opplæringslova §9a-5*, varselet skal leverast til rektor. Dersom den varselet gjeld er ein leiar ved skulen skal varslar levere varslingsskjemaet til skuleeigar. Sikre deg at uvedkommande ikkje har tilgang til utfylt skjemaet sidan dette er unnateke offentlegheit.
2. Rektor undersøker saka snarast mogleg.
 - a. Samtale med den varselet gjeld. Vedkommande skal få tilbod om å ta med seg tillitsvalt.
 - b. Samtale med elev(ar) som skal ha vorte utsett for trakassering. Eleven(ane) skal få tilbod om å ta med føresette, rådgjevar, elev- og lærlingombod eller mobbeombod.
 - c. Eventuell ny samtale med den varselet gjeld. Vedkommande skal ha høve til å kommentere eleven(ane) si uttale.
 - d. Eventuelle andre kjelder.
3. Rektor/skuleeigar konkluderer på grunnlag av fakta som har kome fram i saka.
 - a. Eit internt dokument blir oppretta – dette skal innehalde:
 - Namn på den tilsette som varselet gjeld.
 - Kort om korleis undersøkingar er gjennomført.
 - Konklusjon.
 - b. Rektor/etatsleiar legg dokumentet i mappa til den tilsette.
4. Dersom ein etter undersøking kjem fram til at det ikkje er grunnlag for mistanke om krenking, vert saka ikkje lenger handsama som ei §9A-5-sak. Den vert gjort om til ei § 9A-4-sak, og blir arbeidd vidare med ut frå dette. Skulen skal utan opphald setje i verk tiltak for at eleven skal ha det trygt og godt på skulen. Samstundes må den tilsette sine rettar ivaretakast.
5. Den tilsette varselet gjeld bør få kopi av alle dokument i saka.
6. Sjølv om dette er rutinar heimla i Opplæringslova, og dermed i utgangspunktet gjeld for tilsette i skulen, understrekar vi at desse reglane og rutinane gjeld for alle som arbeider med barn i Skjåk kommune. Vi ynskjer eit samfunn der det er nulltoleranse for mobbing av alle slag.

Det skal skrivast referat frå alle samtalar som blir gjort i samband med undersøkingane. Referata skal leggjast fram for dei som har delteke i samtalan.



Skjema for varsling etter Opplæringslova § 9A-5

Namn på den tilsette som melder frå:

Namn på den tilsette varselet gjeld:

Namn på den varselet blir levert til:

Stad:

Dato:

Stutt om korleis du som varslar har fått kjennskap til tilhøvet:

Stutt beskriving av kva som skal ha gått føre seg:

Eventuelt annan informasjon:

Skjemaet skal fyllast ut med ein gong når ein tilsett får mistanke om eller kjennskap til at ein tilsett skal ha utsett ein elev/elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og/eller trakassering. Skjemaet skal leverast til rektor (eventuelt skuleeigar) snarast.



Barnekonvensjonen

Artikkel 3 – Barnets beste

1. Ved alle handlinger som berører barn, enten de foretas av offentlige eller private velferdsorganisasjoner, domstoler, administrative myndigheter eller lovgivende organer, skal barnets beste være et grunnleggende hensyn.

2. Partene påtar seg å sikre barnet den beskyttelse og omsorg som er nødvendig for barnets trivsel, idet det tas hensyn til rettighetene og forpliktelsene til barnets foreldre, verger eller andre enkeltpersoner som har det juridiske ansvaret for ham eller henne, og skal treffe alle egnede, lovgivningsmessige og administrative tiltak for dette formål.

3. Partene skal sikre at de institusjoner og tjenester som har ansvaret for barns omsorg eller beskyttelse, retter seg etter de standarder som er fastsatt av de kompetente myndigheter, særlig med hensyn til sikkerhet, helse, personalets antall og kvalifikasjoner samt kvalifisert tilsyn.

Artikkel 12 – Barnets rett til å gi uttrykk for sin mening

1. Partene skal garantere et barn som er i stand til å gjøre danne seg egne synspunkter, retten til fritt å gi uttrykk for disse synspunkter i alle forhold som vedrører barnet, og tillegge barnets synspunkter behørig vekt i samsvar med dets alder og modenhet.

2. For dette formål skal barnet særlig gis anledning til å bli hørt i enhver rettslig og administrativ saksbehandling som angår barnet, enten direkte eller gjennom en representant eller et egnet organ, på en måte som er i samsvar med saksbehandlingsreglene i nasjonal rett.

Barnekonvensjonen er teke inn i Grunnlova:

Kongeriket Noregs grunnlov (Grunnlova) §104

Born har krav på respekt for menneskeverdet sitt. Dei har rett til å bli høyrde i spørsmål som gjeld dei sjølve, og det skal leggjast vekt på meininga deira i samsvar med alderen og utviklingssteget.

Ved handlingar og i avgjerder som vedkjem born, skal kva som er best for barnet, vere eit grunnleggjande omsyn.

Born har rett til vern om den personlege integriteten sin. Dei statlege styresmaktene skal leggje til rette for utviklinga til barnet og mellom anna sjå til at det får den økonomiske, sosiale og helsemessige tryggleiken som det treng, helst i sin eigen familie.



Kartlegging av klassas sosiale miljø – skal brukast fast i alle elevsamtalar

Spørsmåla nedanfor kan brukast for å kartlegge det sosiale miljøet i klassa. Dei er prøvd ut i ei rekke samanhengar, og dei gjev eit godt bilete av korleis situasjonen er i klassa. Lærarane kan bruke svara som grunnlag når dei skal drøfte klassemiljøet. Resultata kan med fordel drøftast med elevane.

	Heilt enig	Litt enig	Nokså ueinig	Heilt ueinig
Eg har vorte venn med mange i denne klassa.				
I denne klassa vert du godkjent sjølv om du ikkje er like flink som alle andre, eller om du er litt annleis.				
Klassekameratane hjelper meg om det er noko eg ikkje får til.				
Klassekameratane bryr seg om korleis eg har det.				
Klassekameratane likar meg.				
Det er elevar i klassa eg ikkje går så godt saman med.				

Opne spørsmål:

Kva er det som gjer at det er trygt å vera deg i klassa? Kva er det som gjer det utrygt?

Enkle spørsmål til yngre barn:

1. Kva gjer deg mest glad?
2. Kva gjer deg mest trist?

Spørsmål til dei eldre:

1. Korleis ønskjer du å bli sett på som menneske?
2. Kva må du gjere for å bli sett på slik?


Spørsmåla i tabellen er henta frå udir.no, dei andre er henta frå Barneombudet.



Kartlegging av det sosiale samspelet – utarbeide nettverkskart

Det kan ofte vere hensiktsmessig å få ei oversikt over dei sosiale mønstra i ei klasse. Dette kan gjerast ved at du ber elevane om å skrive ned namna på dei tre elevane dei helst vil vera saman med i timar og i friminutt.

Nedanfor er det sett opp eit nettverkskart på bakgrunn av ei slik sosiometrisk undersøking. Dei elevane som her har mange piler peikande på namnet sitt, er sosialt attraktive i klassa. Dei elevane som ikkje har piler til sitt namn, kan vere sosialt isolerte.




1. Be elevane skrive namnet på dei tre elevane dei helst vil vera saman med i timane, og namna på dei tre elevane dei helst vil vera saman med i friminutta.
2. Bruk ei klasseliste og registrer kor mange kryss dei enkelte elevane får frå medelevar.
3. Ut frå disse dataa kan det vere nyttig å lage eitt nettverkskart der du teiknar opp relasjonane mellom elevane.

Metoden gjev gode opplysningar om kor sosialt attraktive elevane blir oppfatta, samt kva for roller dei har i klassa.

Kjelde: Udir.no



Årshjul - systematisk arbeid for å fylgje med



Aktivitet	Merknad
Elevsamtaler	Skal også ha med spørsmål som er obligatoriske for alle.
Utviklingssamtaler	Skal også ha med spørsmål som er obligatoriske for alle.
Elevundersøking	Blir tatt med elevar, elevråd, personale FAU og SU
Ungdata	5.-7. og 8.-10. klasse
Sosiogram	Minst to gonger i året
MOT – 8. – 10. klasse	
Foreldresamarbeid	



Ressursar

Ressurs	Forklaring
https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61	Opplæringslova.
https://www.udir.no/nullmobbing	Informasjon til barn, unge og foreldre om mobbing og rettigheter.
https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/	Informasjon om aktivitetsplikta, læringsmiljø og systematisk arbeid med skolemiljø.
https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/tiltak-skolemiljo/skolemiljotiltak-oppfolging-etter-mobbing/	Informasjon og rettleiing om tiltak når det er avdekt mobbing.
https://innlandetfylke.no/tjenester/skole-og-opplaring/elev-og-ungdomstjenesten/elev-larling-og-mobbeombud/mobbeombud-for-barnehage-og-grunnskole/	Informasjon frå mobbeombodet i Innlandet.
https://snakkemedbarn.no/	Treningsressurs frå RVTS. Her kan ein gjennom eit dataspel trene på vanskelege samtalar med elevar.
https://www.rvts.no/	Dei nasjonale ressursentra om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging. Her kan ein finne varierte ressursar.
https://bufdir.no/Barnevern/	Informasjon om barnevernet, mellom anna barnevernet og skule, korleis ein melder ei bekymringsmelding m.m.
https://utdanningsforskning.no/temakategorier/utfordringer/mobbing/	Utdanningsforskning, fagartiklar om temaet mobbing i skulen.
https://laringsmiljosenteret.uis.no/skole/mobbing/	Læringsmiljøsentret sine fagsider om mobbing.